

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 1 - MAI 2024

29. ÅRGANG



Foto Tormod Lien

Tradisjonell 17. mai på Vågstranda


No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og etter som eit under
nytt liv av daude gror.



Kven er den heilage Ande?

Av John Sylte



Pinsa handlar om da Den heilage Ande kom ned til jorda. Før dette hadde Jesus lova redde disiplar at dei ikkje skulle bli att som foreldrelause born, når han drog opp til himmelen (Joh 14,18). Jesu trøystande ord gjeld oss også. I ei verd prega av krig, uro og urett er det ein viktig tanke å ha med seg; Vi er ikkje aleine eller forlatne.

Samtidig må vi finne ut av vår tid sjølve. Dette er vårt arbeidsskift med gleder, sorger, høgdepunkt og tragediar. Gud overstyrer ikkje vala våre. Om verda ikkje skal vere detaljstyrt og vi menneske skal ha fri vilje, så kan han heller ikkje gjere det. Gud detaljstyrer oss ikkje, samtidig har han lova å vere med oss; Så tett at ikkje eingong ein spør dør ut at Han er der (Matt. 10,29).

Pinseforteljinga fortel oss at det er Den heilage Ande som er med oss. Han er kanskje den mest diffuse av dei tre per-

sonane i treeininga. Jesus var jo eit menneske dei samtidige kunne høre og ta på. Den heilage Ande er annleis. Han er ein person, Guds nærvær eller kraft på jorda - men samtidig usynleg - iallfall tilsynelatande. Lat meg forklare: Den heilage Ande blir gjerne snakka mest om i dei karismatiske miljøa. Eg er ikkje så karismatisk av meg. Nokre gonger har eg lurt på om det er noko gale med meg, sidan eg ikkje kjenner Gud slik karismatikarane gjer. Heldigvis rommar den kristne trua eit mangfald, og vi trengs på kvar vår stad. Vi har alle våre talent og evner som vi kan være Gud med. Ein av mine favorittar, Frans av Assisi, skal ein gong ha sagt: «Sprei evangeliet. Bruk ord om nødvendig». Eg kjenner meg heime i orda frå munken på 1200-tallet. Ord er viktige, men handling som støttar opp orda er vel så viktig.

Så kva har denne svevande Anden med handlingar å gjere? Jau, Den heilage Ande er eigentleg ikkje så usynleg som vi først kan tru. For Han viser seg mellom anna nettopp i gjerningar. Dette visste Frans. Paulus gjer dette klart for oss når han skriv i Galatarabrevet: «Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin» (Gal. 5, 22-23). Vi kjenner alle desse kreftene i oss, og vi gjenkjener dei i menneske rundt oss. Når vi gjer det så kjenner vi også Den heilage Ande, både i og rundt oss. Han er rett og slett så nær at vi ikkje ein gong kan tenkje eller føle, utan at han er med.

Nyårsfest, Vike kyrkje

Tekst: Nils-Berge Sundfør. Foto: Nils-Berge Sundfør og Liv Gisnås



Søndag 7. januar var alle velkomne til nyårsfest i Vike kyrkje. Soknerådsleiar Liv Randi Sæther Balstad leia festen og vikarprest Per Inge Vik heldt andakt.

Og på ein nyårsfest kjem dei tre vise menn med gåver til Jesusbarnet og til små og store på festen. Juletregong høyrer med før festen var avslutta med ei god matøkt. Bilete frå festen fortel sitt.



Julefest i Fiksdal

Av Ivar Magne Bergheim

Tradisjonen tru vart det også denne jula julefest i Fiksdal. Fjerde juledag samlast små og store til fest på Fiksdal kyrkje-lydshus, der styret for huset og Laurdagsklubben hadde gått saman for å samle til fest og fellesskap. Faste ingrediensar er gang rundt juletreet, konkurranse, pause med julekaker, noko

ekstra til barna og andakt. Evelyn Nakken Rekdal hadde fått med seg barn både frå Laurdagsklubben og tilreisande til å dramatisere juleevangeliet. Det vart ei svært levande fram- syning som mange vil hugse. Ein fin kveld for dei frammøtte.



Barnejuletrefest på Tomrefjord Forsamlingshus

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Også denne jula blei det halde barnejulefest på Forsamlingshuset, ein skikk som går igjen år etter år. Det er enkelt program lagt til rette for barna. Derfor blir det mange julesongar som blir sungne mens ein går i fleire ringar rundt juletreet og syng. Her held vi på dei klassiske julesongane som har vore tradisjon i lang tid. Det ser ut til at ungane likar dette.

Elles blei det halde andakt av Gurid Vethe Vik som var flink til å fortelje. Florian og Emil Krogsæther spelte med sine blåseinstrument, noko som gir fin underhaldning for både store og små. To dyktige unge artistar. Johanne Kjerstad song med si vakre stemme, noko som også er godt å lytte til.

Så fekk ungane utdelt posar med litt frukt og godteri, og for store og små blei det servering av kaker, smørbrød etc.

Programleiar var Karsten Gjerde. Audbjørg Gjerde Lippert spelte piano til songane.

Med andre ord er dette ein enkel og tradisjonell juletrefest

som det ser ut til at mange synest det er godt å delta i. Dei fleste kjem igjen år etter år, og heldigvis dukkar også nye opp.



Kyrkjekonsert på ein måndag

Av Tormod Lien

Jostein Maude, kantor/organist i kommunens kyrkjer, er eit orakel når det gjeld song, musikk og dirigering. Den munnrappe og engasjerte organisten gjer så mykje meir enn det å sitte på orgelkrakken. Hans siste påfunn var å organisere konsert ein måndag før jul. Over 100 personar møtte opp i Vågstranda kyrkje. Fleire hadde sitt første besøk i den 153 år gamle kyrkja.

Heile fem forskjellige song- og musikkgrupper tok organisten med til Vågstranda. Ved inngangen til kyrkjerommet stod det damer frå soknerådet og serverte gløgg og peparkaker. Det sette folket tydeleg pris på. Trivselen varte gjennom heile den to timar lange konserten. Ei stor oppleving i adventstida.

Ein arena for kultur

Ei mengde songarar og musikantar fylte dei fremste kyrkjebenkane. Fleire frå bygda gav uttrykk for kor fint det er å bruke kyrkja slik. På artistlista var ingen ringare enn Dåm og Drag, Fiksdal mannskor, Tomrefjord songlag, Vestnes musikklag og til sist Lars Josteins. Organist Jostein Maude deltok i alt, både på orgel og song, i tillegg til å vere organist og dirigent.

Kulturlivet i Vestnes har på denne måten verkeleg tatt Vågstranda til seg, og gjort kyrkja i bygda til ein arena for kultur. Ei nesten fullsett kyrkje vitna om at dette var ein fulltreffar. Applausen satt laust og stemninga var upåklaageleg. Inntekta gjekk uavkorta til soknerådet. Dei dyktige artistane tok

måndagskonserten i Vågstranda kyrkje som ei øving, og det å vere saman. Pensjonert prest Signe Hellevik avslutta kvelden med å lyse velsigninga.



Pause med gløgg i kyrkja, smilande damer frå Tomrefjord songlag.

Arbeider i Romsdalen,sov på Sunnmøre

- Vågstranda e` no nåkkå for seg sjølv, ler orakelet og organist Jostein Maude. Han fortel han arbeider på fleire plassar i Romsdalen, men sov på Sunnmøre. Før heimturen fekk han med seg alle til å synge den vakre songen Glade jul. Eit prektig og sterkt vitnesbyrd til ettertanke.

Berre tre dagar tidlegare var det også konsert i Vågstranda kyrkje. Det var eit privat arrangement, ei fin adventstund med SMEIS og Vaffeltauene frå Vestnes. To konsertar på tre dagar vitnar om engasjement og stor pågangsvilje hjå både Jostein Maude og andre



Fiksdal mannskor under leiing av organist og dirigent Jostein Maude.

Frå Tomrefjord til Vågstranda kyrkje

Av Tormod Lien.

Siste søndag i januar var det høgmesse i Vågstranda kyrkje. Prostiprest Harald Sunde var prest og Jostein Maude organist. Einar Gridset som klokkar las frå Jer. 20,7-9. Sjølve preiketeksta står skrive i evangeliet etter Markus 4,26-34. Tre av årets konfirmantar kom heilt fra Tomrefjord.

Erika Malene Madsen, Mathilde Silja Marken og Noah Leander Sponberg Marken er tre av årets 31 konfirmantar i Tomrefjord. Mathilde og Noah er søskenbarn, og alle er vener. Dei sit på ein av dei fremste benkane i kyrkja, og har god kjemi med presten frå talarstolen.

Høgmesse er høgtid. Vikarpresten snakka direkte til konfirmantane, ved å stille nokre spørsmål frå bibelteksta, som handla om såkornet og sennepsfrøet.

"Kva skal vi samanlikna Guds rike med? Kva likning skal vi bruke? Det er som sennepsfrøet, når det blir sådd, veks



Blid vikarprest og tre konfirmantar på 14 år i Vågstranda kyrkje; Søskenbarna Noah Leander Sponberg Marken og Mathilde Silja Marken, prostiprest Harald Sunde og Erika Malene Madsen. Foto: Tormod Lien



Kyrkjebladets utsendte i ivrig samtale med konfirmantar og prest Harald Sunde. Foto: Atle Astrup.

det større enn alle hagevekstar. Det får så store greiner, at fuglane under himmelen kan byggja reir i skuggen av det," står det i vers 30-32 frå preiketeksta.

Dei tre konfirmantane seier at det var greit å vere i gudssteneste på Vågstranda. Noah beit seg merke i det vesle kornet som vart sådd i jorda og etter kvart vaks seg stor. Bibelteksta var lettare å forstå når presten brukte kvardagslege forklaringar.

Under kyrkjekaffien kunne Noah, som snakka mest, fortelje at han snart skal til Hafjell og stå på slalåm. Jentene hadde ingen spesielle interesser, men det verka som dei heldt noko inne. Noah antyda noko om guitar, men det avviste dei fort, og fekk litt fargeforskjell i ansiktet.

Det er ikkje uvanleg med ulike interesser i deira aldersgruppe, men noko har dei til felles. Kyrkjeleg konfirmasjon vart valt utan påverknad av andre. Dei veit kva konfirmasjon står for, men dei gler seg til pengegåver frå slekt og vene.

- Dette er ei spanande tid og vi gler oss til å bli konfirmert i kyrkja, seier Noah, Mathilde og Erika, etter deira første besøk i Vågstranda kyrkje.

Kyrkjeverja sitt hjørne

Vi har lagt bak oss ein innhaldsrik vinter og påske i kyrkjene våre, og våren og sommaren står for tur. Det har ikkje vore gjort nokon større investeringar den siste tida, berre vanleg drifts- og vedlikehaldsarbeid på kyrkjene våre. Vi søkte sist haust Vestnes kommune om investeringsmidlar til kostnader med å få etablert ein namna minnelund for urner på Vestnes kyrkjegard. Det blei ikkje prioritert i 2024 av kommunestyret i Vestnes, men blei satt opp i kommunens langtidsbudsjett i 2026. Vi jobbar likevel vidare med saka, og vil undersøkje om det lar seg gjere å sette i gang arbeid med dette i inneverande år.

Årsstatistikken for Den norske kyrkja for 2023 er klar, og vi viser nokre av dei mest interessante tala samanlikna med tala for 2022.

	2023	2022
Gudstenester	102	98
Deltakarar på gudstenestene	7.770	6.989
Døpte	50	43
Konfirmerte	71	76
Vigslar	9	13
Gravferder	61	71

Så vil eg ønskje alle velkomne til dei ulike arrangementa i kyrkjene våre. Oversikt over gudstenestene framover i tid står bak i Kyrkjebladet.

Olav Egil Tomren

“Slumsøstrene” på Helland

Av Tormod Lien



84-årige Eldbjørg Venås Gausdal bur i fin leilighet på Senior Plaza i Helland sentrum, saman med ektemannen Per. Dei har det fint i bustaden sin, der begge tek vare på historia gjennom bilet og tekst. Eldbjørg tar med seg venninna Gunn Aarseth (77), når dei fleire gonger i året sit på Helland med loddboekene sine. For sin frivillige arbeid år etter år, blir dei på folkemunne kalla “Slumsøstrene.” Begge ler av dette, og tar det som eit kompliment.


Første dagen i februar er dei på plass, der dei set utanfor apoteket på Alti. Eldbjørg fortel at det frivillige arbeid er som eit kall, eit arbeid som er styrt av Gud. Eldbjørg og Gunn er ikkje vanskeleg å be. Dei sel lodd i sentrum tre gonger i året, i forkant av basarar. Frå to av dei går inntekta til Sjømannskyrkja. Kjellbotn bedehus får inntekta frå den tredje basaren.

60 frivillige år for misjonen

- Eg blir oppmuntra til å søkje nærleik med Gud kvar dag. Gud vil at vi skal ha glede av å halde samtalar med han gjennom heile livet. Gud elskar oss alle, seier Eldbjørg, som samtalar med Gud, takkar og ber.

Eldbjørg har vore engasjert i kristent arbeid heile livet. Ho har vore med mange år i Sjømannsforeininga “Vårbud”, norsk kyrkje i utlandet. I lokalforeininga i Vestnes har ho vore formann fleire år, ei rolle ho fortsett har. Eldbjørg sit i sofaen og fortel. Ektemannen Per, innflyttar frå Molde, er stolt over engasjementet til kona.

- Eg deltek på Kvinneforeiningsmøte 1-2 gonger i månaden, der vi møtast heime hos kvarandre. Vi flytta frå Skorgenvik til Vestnes for to år sidan. Eg har vore med i fleire lag og foreiningar, blant anna Tresfjord sokneråd. Men hjartebarnet er framleis Sjømannsmisjonen og kyrkja. Så lenge eg er klår og oppegåande har eg ikkje tankar om å avslutte det kristne arbeidet, seier Eldbjørg, med over 60 aktive år med misjonsarbeid.



Med fotballspelaren Pele i Brasil

Gunn Aarseth og Lilly Tangen har også mange år som medlemmar i “Vårbud”. Gunn som skrivar og Lilly kasserar. Til saman er dei 13 aktive medlemmar i foreininga. Med vett-



eranen Elbjørg ved roret, blir det aktivitetar gjennom heile året. Dei frivillige "englane" blir sett pris på for det arbeidet dei gjer.

- På utanrikssfart var eg med på båten "Farsi", ein båt frå Sunnmøre. Det som var litt spesielt med denne turen, var ein tur på land i Brasil, der vi var på fotballkamp. Den brasilianske fotballspelaren Pele var med på eit av laga. Med blanda interesse for fotballsporten, vart eg med saman med dei andre frå Sjømannskyrkja. Aldri før har eg sett så mykje folk på ein gong. Ikkje spør meg om resultat, eller kven som spelte mot kven. Dette vart den einaste fotballkampen eg har fått med meg, smiler Elbjørg, som såg Pele frå tilskodarplass.

Mange barnebarn

Med vonde kne går Elbjørg på sin vaklande måte mellom kjøkken og stue. Småkaker og pulverkaffi blir servert. Ein nabo frå etasjen over kjem innom. Praten om før og no går jamnt.

Per fortel om sonen som bur i Sverige. Elbjørg begynner å telje sine. Ho kjem fram til 3 barn, 9 barnebarn, 2 bonusbarnebarn og 4 oldebarn. Elbjørg har vore gift tidlegare.

- Før hadde vi prestegjeldstemne i forskjellige prestegjeld i fylket. Sjømannsprestane held gudsteneste på dei sju plassane i kommunen, frå Rekdal til Vikebukt, fortel Elbjørg.

- Ja, det var nesten like mange foreiningar som båtbyggeri den tida. Og no er det berre foreininga vår som er oppe og går, sukkar Per.

Sjømannskyrkja er hjartebarnet

Eldbjørg har ei svak stemme når ho pratar, legg att auga utan å sove. Per er meir høglydt av seg. Begge har ei god og innhaldsrik forteljargåve. Dei avbryt kvarandre på ein fin måte. Dei veit kva den andre skal seie. Dei hugsar godt, langt attende i tid. Dei har vore saman i 40 år.

Samtalane var innom både døden, livet og trua på Gud. Elbjørg delte nokre gulkorn frå Bibelen. "Sjølv ikkje dåren skal fare vill", står det i Jesaja 35:8. Det kan vere ein tankevekkar som mange kan ta innover seg. Det er ikkje så vanskeleg som enkelte vil ha det til.

Snart er dei åndsfriske og engasjerte damene klare for årets første basar på Kjellbotn bedehus. Julebasaren som blir på same plass, blir den siste for året. "Slumsøstrene" ser på kvarandre, einige om at dei ikkje er klare for å avslutte. Så lenge dei får vere friske og klare, vil dei halde fram med å selje lodd på Alti.

Historia fortel

Av Ivar Magne Bergheim

Det er fleire måtar å skrive historie på. Ein av dei er gjennom biletet. I dag blir vi overstrøymde av informasjon, medan det for hundre år sidan var svart/kvit-bilete og fysiske dokument som var det viktigaste. Dei kyrkjelege handlingane har ikkje endra seg så mykje dei siste hundre åra, men ramma rundt endrar seg, og varierer frå stad til stad. Her ser vi eit biletet frå bryllaupet til Elida og Karl Grønningsæter i mars 1934. Dette er frå andre

dag av bryllaupet, der Petter L. Rypdal går først og spelar inn grauten. Så kjem brudefølgjet, som ber grauten frå kokking hos Marta «på Bergå» til Nakkebygdens forsamlingshus i Fiksdal. Etter spelemannen kjem brudeparet og vidare Andrea Nakken, Peder Langdal frå Valldal, Lilly Nakken, Martin Grønningsæter frå Valldal og mange andre i ei lang rekke.

Foto: Johan P. Fiksdal/Fylkesfotoarkivet.



Samandrag frå årsmeldinga til diakon Ellen Edvardsen

Tekstsamandrag: Nils-Berge Sundfør



Oppgåver for diakonen gjennom året:

- Oppfølging av etterlatne og kontakt i samband med Allehelgenssøndag og sorgarbeid.
- Vikar for konfirmantundervisninga for 3 grupper (haust)
- Konfirmasjonsgudstenester (4) + delteke/prest på Ung Messe (3)
- Utsending av forbønskort for kvar konfirmant + eit brev med andre forbønsemner til forbedarane
- Ansvar for Allehelgensmesse (1), Lys Våken gudsteneste (1), Skulegudsteneste (2)
- Førjulssamlingar for barnehagane (4)
- Påskevandring for skule (2) og barnehage (2)
- Korarbeid i SFO-tida på Helland (vår) og Tomrefjord, mange born er med
- KRIK-arbeid, 19 treiningar i løpet av året, oppmøte 5 - 35 personar
- Sittedsansgruppe for menneske med psykisk utviklingshemming og for personar med byrjande demensutvikling
- Grøn kyrkjelyd (Vestnes kyrkje)

Diverse:

- Delteke på kurs og fagleg oppdatering (4)
- Leiar i Diakonforbundet, Møre stift (2 fysiske, 4 digitale møter)
- Andakt på Ving, aktivitetsklubb for 1. - 4. klasse på Vestheim. Fint med samarbeid med Vestheim.

Diakoniutval 2023:

Vågstranda: Inger Marie Henriksen Talberg

Vike: Liv Gisnås og Wenche Rødal

Tresfjord: Ellen Andreassen

Vestnes: Håvard Skrede og Sølvi Mathilde Heggdal

Fiksdal: Kari Nakken og Anne-Grethe Stige Bergheim

«Ein arbeidsam, erfaren og positiv gjeng», skriv diakonen i årsmeldinga si. Mellom anna har diakoniutvalet arrangert ein flott aktivitetsdag for innbyggjarane i Vestnes kommune på Vike Friluftstbad. Ein segltur til Hjertøya har også stått på programmet.

Til slutt i årsmeldinga skriv diakon Ellen Edvardsen følgjande: «Så kan diakonien bli fullstendig grenselaus i møtet med alle utfordringane, alle menneska. Det dårlege samvitnet ligg stadig på lur, og kan gjere kvar dagen gledelaus. Då er det godt å lese eit visdomsord som eg har fått eingong, ukjent opphavsmann: Gud seier: *«Som min tenar er du ikke uerstatteleg, men som mitt barn er du umisseleg.»*

Årsmøte i Vestnes kyrkjelyd

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



Håvard Skrede, Olav Egil Tomren, Ellen Edvardsen, Tone Roaldsnes og Jostein Maude

Torsdag 28. februar heldt Vestnes kyrkjelyd sitt årsmøte på Vestheim. Soknerådsleiar Tone Roaldsnes ynskja om lag 20 personar velkomne til årsmøtet og kveldsmat.

Årsmøtet starta med ei tankevekkande innleiing frå soknerådsleiaaren før vi fekk årsrapporten presentert av Håvard Skrede med etterfylgjande rekneskap.

Diakon Ellen Edvardsen fortalte så i årsmeldinga si om det diakonale arbeidet i kyrkjelyden.

Kantor Jostein Maude gleda oss med vakker song der me fekk høyra «What a wonderful world» og «Swing low, sweet chariot, coming for to carry me home». Status frå kyrkjakontoret orienterte kyrkjeverje Olav Egil Tomren om. Ei prestestilling i 40% er udekt, og det var ingen

søkjær på vikarstillinga som trusopplærar. Arbeidsoppgåvene i dei vakante stillingane er fordele litt på dei andre i staben, ein stab som han rosa som positiv og fleksibel.

Til slutt på årsmøtet vart det høve til spørsmål og innspel. Ein engasjert kyrkjetenar passar på sortering av kompost, batteri og plast, slik at Vestnes kan vere ein «grøn» kyrkjelyd. To konsertar er planlagt, den fyrste 26. mai. Det vert ballbasar til hausten. Forsongargruppe på gudstenestene arbeidast det med, og fleire undervisningskveldar vert planlagt. Ein har og fått på plass nærmere 20 kyrkjevertar. Trusopplæring er og eit viktig arbeid i kyrkjelyden.

På soknerådsmøta vert alle innkalla, også varamedlemmer, kunne leiaren vidare fortelje. Det er viktig at alle vert involvert i arbeidet til soknerådet.



Songkveld i kyrkjestova i Tresfjord

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



Mellan 70 og 80 personar hadde benka seg rundt borda denne laurdagskvelden i februar i Kyrkjestova i Tresfjord. Det er songevangelistane Sara og David Åstrøm frå Sverige som vitjar Tresfjord kristne fellesskap.

Med eit hjarteleg velkommen frå Ann-Katrin Johnsen tek ho utgangspunkt i Jeremia 29, 11: «For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von». Deretter vart ord og tone gjeve til Sara og David.



Songkvelden starta med fellessongen «Han er min sang og min glede». Så fekk vi mange kjende og kjære songar som perler på ei snor. Ei nydeleg framføring av «Har du klar din barnattro», var ei av desse. Interessant var det også å få høre om forfattarane og korleis songane har blitt til.

Etter siste fellessong: «Min Jesus lever, derfor vil jeg leve», takka Vidar Johnsen for ei fantastisk preike gjennom songane og musikken som vi har opplevd denne kvelden. «Musikk gjer noko med oss, halleluja, all ære til Gud og Jesus», sa han mellom anna.

Kvelden vart avslutta med nydeleg matøkt med smørbrød og kaker før vi gjekk ut i den fine vinterkvelden. Ein stor takk til Tresfjord kristne fellesskap for ein flott kveld med rikeleg påfyll for sjel og lekam.



Info frå sokneråda på Vike, Tresfjord

Vike

Tekst og foto (av strikkekafeen): Liv Randi Balstad

Misjonsprosjekt: Okhaldunga sjukehus i Nepal

Vike sokn har ei lang historie knytta til Santalmisjonen, som no er Normisjon, sitt misjonsarbeid.

Aslaug Balstad m/fleire dreiv i mange år barneforening knytta til Santalmisjonen, og det er nok mange i Vike som har minne frå denne barneforeninga. Det var derfor naturleg for soknerådet å velje Normisjon som samarbeidsaktør når soknet skulle ha eit misjonsprosjekt.

Vi har støtta ulike prosjekt i Aserbadsjan og Mali, og dei siste åra sjukehuset i Okhaldunga i Nepal. Der samarbeider Normisjon med organisasjonen United Mission to Nepal. Vike sokneråd fornya avtalen med Normisjon igjen no i februar 2024, for ein 4 årsperiode, og soknerådet vedtok å auke vår støtte til kr. 10.000 pr. år. Dette satsar vi på å få inn gjennom offer i kyrkja og andre arrangement med misjonsfokus.

Sjukehuset ligg i Aust-Nepal, og dekkjer eit område med ei befolkning på ca. 250.000 menneske. Kvart år får rundt 30.000 personar behandling ved dette sjukehuset. Dei fattigaste, som sjølv ikkje kan betale, får derfor avslag i prisen eller heilt dekka si behandling gjennom eit pasientstøttefond. Slik kan også dei med minst ressursar få hjelp.

For at foreldra skal ta med sine sjuke jenter og ikkje berre gutane til sjukehuset, har ein gjort behandling av alle barn under 12 kg gratis. Sjukehuset erfarer også at det har vore livsviktig at flest mogleg føder på sjukehuset, og dette er derfor gratis. Dei siste åra har det vore auke i fødselstala ved sjukehuset, og er no på rundt 1400 barn pr. år! Sjukehuset har også ein Mødreventeheim, som tilbyr opphold for dei fødande den siste tida før termin.

Då soknerådet gjekk inn for dette prosjektet første gongen i 2013, fekk vi informasjon om at sjukehuset ønska seg ulltrøyer til dei nyfødde. Det er kaldt i Himalaya! Vi starta derfor opp ein strikkekafe, og fleire ville vere med å strikke babytrøyer. Det vart



ein fin liten haug i fargerike fargar, som vi no får høve til å sende med nokre som skal til Okhaldunga-området i påska. Vi veit det vil komme godt med, og at dei nyfødde får ei lita, varm ulltrøye, strikka på Vikebukt!

Tresfjord

Av Magnhild Bjermeland

Kyrkjestova:

Vi har siste året hatt godt med utleige til folk i bygda, både til møte og andre arrangement. Blir også nytta til selskap og minnemøte. Vi har satsa på å betale ned så mykje på lånet på kyrkjestova som mogeleg. Tresfjord Røde kors har gitt oss i soknerådet høve til å ha loddsal til inntekt for kyrkjestova på den årlege Martna`n i Tresfjord. Det sett vi stor pris på, og det har vore ei god inntekt til kyrkjestova.

Arbeid i soknet siste år:

Siste året har vi hatt besøk av barnehagen i Tresfjord, både før påske og før jul. Først samlast vi til mat og leikar i kyrkjestova, før vegen gjekk til kyrkja og undring over det meste. Ingvild trusopplærar hjelpte oss med framvising, der ungane var utkledd og delaktig. På den måten fekk dei litt forståing, på deira vis, for høgtidene vi feirar i kyrkja.

Elles har medlemene i soknerådet ansvar for blomar til alteret og oppgåve som kyrkjevervt. Dette går på omgang.

Sist år fekk vi også ein nydeleg lysglobe, sveisa/laga og gitt av ein lokal givar i Tresfjord. Då vart vi veldig glade.

Arbeid dette året:

- Vi ønskjer å fortsette med å betale ned på lånet til kyrkjestova
- Å invitere barnehagen er høgt prioritert
- Å engasjere oss for å greie å få folket i soknet til å bli med meir i kyrkja på gudstenester. Altfor god plass i kyrkja på gudstenester
- Arbeide for å få til meir samarbeid med dei andre sokna i kommunen
- Fortsette og eventuelt utvide fleire samarbeidsarrangement for barn og unge

fjord, Vestnes og Fiksdal



- Konsertar i kyrkja, "meir liv", song og musikk
- Skape gode møte med folk som kjem i kyrkja med m.a. kyrkjekaffe og hyggeleg prat
- Arbeide for å få på plass "teppeløpar i kyrkja", oppfordre folk, organisasjonar til å gi pengegåver
- Invitere spesielt alle "hyttefolk" og bygdafolk til gudsteneste på Kjersemfjellet.

Elles har vi begynt å snakke om 200-årsjubileum til Tresfjordkyrkja i 2028. Snart må vi opprette ein komite. Gode innspel tek vi imot med takk!



Vestnes

Samandrag frå årsmelding for 2023: Nils-Berge Sundfør

For å få nok kandidatar til å stå på lista til soknerådsvalet hausten 2023, vedtok Vestnes sokneråd å redusere frå 8 til 6 faste, og frå 5 til 4 varamedlemmer.

Saker soknerådet har hatt oppe er m.a. soknerådsvalet, gudstenesteoppsett, kyrkjebasar, konfirmantfestar og open kyrkje i fastetida.

Undervisningsutvalet har hatt 3 temasamlingar dette året:

- Stillhet og retreat, i et urolig hjerte og en urolig tid
- Om kystpilegrimsleia. Det bur ein pilegrim i oss alle
- Spor av Jesus. Kvifor er dei 4 evangelia så ulike?

Andre utval: Arbeidsutval, Diakoniutval.

Soknerådet har Misjonskontakt, Kirkens Nödhjelpkontakt, Kirkens SOS kontakt og representant i Tomrefjord kristne forsamlingshus sitt styre.

I sluttcommentaren i årsmeldinga står mellom anna å lese: «Sidan det i 2021 blei 5 sokn i Vestnes og gudstenestefrekvensen gjekk ned, har dette særleg gått ut over hovudsoknet Vestnes der det kan gå ein månad mellom kvar gudsteneste. Dette skaper lite stabilitet. Samtidig er det ei utfordring å få folk til å møte til gudsteneste i andre enn si eiga kyrkje, sjølv om det er gudsteneste i ei av kyrkjene i kommunen.»



Fiksdal

Samandrag frå årsmelding for 2023: Nils-Berge Sundfør

Av enkeltsaker i soknerådet kan nemnast offersøknader, prosjektør til kyrkja, uttale om gudstenestelistene og innkjøp av dåpsklutar frå NMS.

Andre aktivitetar er gudsteneste i Øygardsbukta, utdeling av bok til 1. klasse, konfirmantfest, felles misjonsgudsteneste og songkveld.

Utval i soknerådet: Diakoniutval, Dåpsutval, Trusopplæringsutval og Gudstenesteutval.

Soknerådet har Misjonskontakt, Kirkens Nödhjelpkontakt, Kirkens SOS kontakt, Bibelkontakt og representant i styret for kyrkjelydshuset.

Ivar Magne Bergheim har overteke som klokkar etter Kari Nakken.

Ny klokkeklang frå tårnet ved Vike kyrkje

Tekst: Emil Balstad. Foto: Emil Balstad og Asbjørn Gisnås



Nyklokka

Både for å betre arbeidsforholda for kyrkjetenaren, og kunne spare tid ved ringing på julaftan, osv., bestemte fellesrådet at også Vike kyrkje skulle få automatisk ringing.

Dei to klokkene som har kima i tårnet sidan kyrkja var ny, var ifølgje fagfolk ikkje eigna til vidare bruk. Desse skal naturlegvis takast vare på og står enno på golvet i våpenhuset. Soknerrådet vil arbeide vidare med korleis dette kan gjerast best mogleg.

Difor måtte vi på jakt etter ny klokke. Firmaet Olsen Nauen AS fekk oppdraget med å levere automatikk, og dei kunne også skaffe eigna klokke.

Nystøypt klokke er forholdsvis kostbart, difor vart «nyklokka» vår ei brukt klokke. Ho er støpt i 1972, er altså mest like gammal som kyrkja vår, og var tidlegare i bruk i no nedlagte Fagerheim bedehuskapell ved Borge i Fredrikstad. No heng ho altså i klokketårnet i Vike, ei nybørsta fin 75 kg tung klokke. Den er som klokker flest; støypt i klokkebronse ved at ei blanding av 80 % kopar og 20 % tinn vert varma opp til over 1000 grader.

Nyklokka vår kan fjernstyrast frå PC eller mobil, frå kvar som helst i verda så lenge ein har internetttilgang. Lokalt i kyrkja og på kyrkjegarden kan den styrast med radiofjernstyring. No slepp kyrkjetenaren å klatre opp stigen for å slå 3 x 3 slag, eller stå i all slags ver og ringe/kime ein time kvar julekveld.

«Gamleklokkena» våre har svært ulike historier.

Den største klokka er frå 1922, då Vike fekk gravplass. Ho hang først i tårnet på gravkapellet, før ho vart montert i det nye klokketårnet då vi fekk kyrkje i 1970.

Inskripsjon: «A/S B.S. & M.V. TRONDHJEM 1922»

Den minste klokka har ei lang historie bak seg.

Inskripsjon: «HR: FOGED JAKOB ANDERSSON EEG, JERMENÆSS. STØBT AF ARNDT HEDEMARCK I TRONDHJEM A 1783»

Oddmund Domaas skreiv i 1999 slik om denne historia:

Opphavleg blei ho støypt til bruk på futegarden Gjermundnes i 1783. Da Lars Hansen Domaas kjøpte halve futegarden i 1834 følgde også «halve» klokka med, og ho fekk plass i klokketårnet på hovedbygninga i det nye tunet. Da futegarden sidan blei delt på nytt, gav dei nye eigarane frå seg sine partar i klokka til Lars, til «ene eigendom». Men Lars hadde vore soldat i krigen 1807-14 og sleit med eit aukande drikkeproblem. Da kona til sist måtte gjere han umyndig, grov han klokka ned i «Stor-geilå» og drog til Trondheim. Sonen



Christoffer drog etter og gav han 50 dalar for å få vite kor klokka var. Lars døde i Trondheim i 1841.

Da garden blei sold til fylket i 1898, tok sonen til Christoffer med seg klokka til Skorgevika, der ho fekk plass på den eine nova på løa. Sidan blei klokka sold på auksjon til svogerens Lars Olsen Vike i Vike, som sette ho opp i klokketårnet på uthuset sitt. Da kyrkja blei bygd i 1970, blei klokka gjeven til kyrkja. Klokka har såleis gjeve lyd frå seg i området i snart 240 år.



Årets fasteaksjon

Tekst og foto: Tormod Lien



Sokneprest John Sylte saman med fire jenter som er klare for årets fasteaksjon og konfirmasjon; Lei Nguyen, Leni, Thomine og Lone.

Årets konfirmantar i Vestnes som har valt kyrkjeleg konfirmasjon, hadde i midten av mars ei samling i Vestnes kyrkje. Sokneprest John Sylte og Gunnar Rafteseth frå soknerådet leia samlinga, som er ein del av undervisninga i konfirmanttida. Først er konfirmantane med på årets fasteaksjon, som er ein årleg tradisjon. Nærare 30 komande konfirmantar fekk servert pølser og brød utanfor kyrkja. Etter kvart var det samling i kyrkja, der filmen "Risen" vart vist, ein aktuell film som handla om påskebodskapen.

Veka etter er det ei ny samling på same stad. Her vert ung-

domane informerte om sjølve fasteaksjonen, om roller, innhald og kva faste står for. To av konfirmantane, Kornelius og Andreas, fortel at dei først blir tildelt roder, før dei går med bøsser frå dør til dør for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Stemninga er god, før dei var klar for å ringe på dører.

Dei innsamla pengane vil gje tilgang til reint vatn for fleire tusen personar. Kirkens Nødhjelp jobbar for fred, rettferd og redde liv. Fasteaksjonen har spesielt fokus på tilgang til reint vatn. Årets aksjonsdagar var 17.-19. mars.



Modige Martin (midt på biletet) snudde seg mot fotografen og uttala seg på vegne av dei alle: - Vi gler oss til å bli konfirmert, men først er vi klare for årets fasteaksjon! Lys i luggen til venstre; Gunnar Rafteseth frå Vestnes sokneråd.

Områdestemne for NMS Romsdal

Av Ivar Magne Bergheim

Vestnes var dette året vertskap for områdestemnet til Det Norske Misjonsselskap. Denne gongen var det lagt til Fiksdal søndag 7. april. Stemnet starta med gudsteneste i kyrkja, og etterpå middag med årsmøte på Fiksdal Kyrkjelydshus. Petter Dahle, pensjonert prest, men no vikar i Rauma, var liturg. Kapellanvikar i Averøy, Sophie Moke Meteke frå Kamerun, hadde preika. Det vart ei festgudsteneste med prosesjon, dåp, nattverd og forkynning prega av sterkt engasjement for misjon. Med orgel- og trompetmusikk til salmane lydde ein god og sterk song frå dei nesten 120 frammøtte.

Etter gudstenesta var det først duka for middag på kyrkjelydshuset for dei 55 påmeldte, og deretter kom årsmøte med årsmøtesaker. Dette vart leia av Petter Dahle, leiar i områdestyret for Romsdal.

«Han er oppstanden, halleluja!» vart ei sterk opning av misjonsfesten med solid song frå forsamlinga med kantor Jostein Maude ved flygelet. Styremedlem Bente Linda Flatmo leia festen på ein fin måte, og Sophie Moke Meteke hadde eit sterkt vitnesbyrd med klar misjonsprofil i andakten. Ho tok utgangspunkt i teksten om såkornet i Matteus 13.1-9. Vi fekk også bli

meir kjent med kapellanvikaren i Averøy, og hennar bakgrunn og om den tenesta ho er i no. Fiksdal Mannskor sette ein ekstra spiss på samværet med sin song. Dei rundt 80 frammøtte til festen, sat igjen med ei kjensle av engasjement og framleis tru på framgang i misjonsarbeidet.



Møteleiar og styremedlem Bente Linda Flatmo i samtale med Sophie Moke Meteke.

Påskevandring i Fiksdal

Av Ivar Magne Bergheim

I regi av kyrkjekontoret var det også i år påskevandring i dei ulike kyrkjene i prestegjeldet. I Fiksdal hadde Fiksdal Friskule fått invitasjon til å delta mandag 18. mars. Her vart gruppene delte i to, 1.-3. årssteg og 4.-7. Vandringa starta med den tomme krybba og Jesus som etter kvart hadde vorte vaksen. Med litt bakgrunn for påskefeiringa før Jesu tid, vart Palmesøndag og inntoget i Jerusalem sett i scene med esel, «palmegreiner» og hosianna-rop. Engasjerte elevar var ivrige aktørar. Skjærtorsdag med fotvasking var neste steg, og her fekk nokre av elevane kjenne kor godt det måtte vere å bli vaska på føtene etter dagens vandring. I koret framfor altarringen var nattverdbordet dekka, i dette høvet på golvet, og med saft og bollar. Her vart det samstundes gjennomgang av dagens nattverdfeiring, og så fekk elevane vidare høyre resten av lidingssoga med langfredag og påskedag. Til slutt fekk dei gå med friske påskeliljer til den opne grava, som var illustrert med steinar inne ved altaret, og pynte den tomme krossen til songen «Dine hender er fulle av blomster.»



Nattverdbordet dekka med bollar og saft denne gongen. Foto: Mari Woldseth Melum

Påskevandring i Vestnes kyrkje med førsteklassingar ved Helland Barneskule



Ivrige hosianna-rop og raud løpar for kongen Jesus.



Fine, reine føter, men godt å vaske likevel.



Oppstått er Jesus, hurra, hurra!!



Korset blir pynta med fine påskeliljer.

Tårnagentar

Av Ivar Magne Bergheim

Søndag 21. januar var det klart for tårnagentgudsteneste i Fiksdal. Det var trusopplærar Ingvild Venås Sánchez som tok hand om opplegget, og fredagen før var 3. og 4. -klassingane i Fiksdal inviterte til å bli opplærte til tårnagentar i kyrkja. Mykje skulle utforskast, og aktiviteten var stor. Det mest spennande var kanskje turen i tårnet. Kyrkjetenar Thor Ringsby fortalte om oppgåvene der. Det har nyleg vorte automatisk ringing i kyrkja, men det var spennande å høre korleis ringinga vart gjort tidlegare. Agentane fekk sjølvsagt slå på klokka og få fram den flotte lyden!



Lys Våken i Vike kyrkje

Av: Ingvild Venås Sánchez

Ei flott gruppe 11-åringar var samla på Lys Våken-arrangement i Vike kyrkje. Det var mange kjekke aktivitetar og etterfølgt av overnatting i kyrkja. Dagen etter var det gudsteneste med dramastykke om den lamme mannen og danseinnslag frå Lys våken-deltakarane.



Graver og stell av desse



Det er mange spørsmål som dukkar opp i samband med dødsfall, derfor vil vi i dette bladet gje eit utdrag frå kyrkjegardsvedtekten.

Tinging/reservasjon av gravstad?

Feste/tinging av gravstad kan berre skje i samband med dødsfall, jf. gravplasslova kap. 3 og forskrifter § 17.

Kven skal vi gjere avtale med om gravplass?

Ved dødsfall må det bestemmost kven (av dei pårørande) som skal "sørge" for gravferda, og vedkomande tek då kontakt med gravferdsmynda (Fellesrådet/kyrkjeverja) for å be om gravlegging eller kremasjon (jf. gravplasslova §§ 9 og 10).

I praksis kan det vere at ein tek kontakt med eit gravferdsbyrå ved dødsfall, og det går vidare til kyrkjecontoret/kyrkjeverja. Men ein kan sjølvsgå også ta direkte kontakt med prest og/eller kyrkjeverje.

Når kontakten er oppretta, blir det gjerne spørsmål om familien har gravstad frå før, eller om ein skal ha ei "ny" grav.

Grav og gravminne.

Gravminne skal før oppsetting godkjennast av kyrkjeverja. Gravminne som blir sette opp utan å vere godkjente, vil etter ein gitt frist bli fjerna, og rekning for dette blir sendt til leverandøren.

Kyrkjegardsbeteninga vil sørge for at grava blir planert og tilsådd etter gravlegging. Gravminne kan ikkje settast opp før det har gått 6 månader etter gravlegging i kiste. I mellomtida blir det sett opp eit merke (gjerne eit kors) med namnet til den avlidne.

Fordi det som regel er tele i jorda i månadene frå november til april, bør det ikkje oppsettast gravminne i den tida.

Gravminnet blir plassert på den grava som vert teken i bruk først. Ved dobbelgrav blir gravminnet sentrert etter siste gravlegging.

Kven skal fjerne visne kransar?

Kransar blir fjerna av kyrkjegardsarbeidarane når dei ikkje lenger ser fine ut. Dette kan variere i tid, alt etter temperatur og årstid. Men ein prøver å få dei bort straks dei er visna. Plantar, kransar og liknande materiale som blir brukt ved gravferd eller til pynt av grav og som endar som avfall, skal vere komposterbart. Sløyfer blir tekne til side som brennbart restavfall.

Planteppel ved støtta. Kor stor og kor langt fram?

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Inklusiv innramming skal det ikkje vere breiare enn sokkelen, og det skal ikkje gå lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet.

Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet, og området utanfor kan heller ikkje brukast til plassering av lause gjenstandar.

Plantefeltet kan rammast inn med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring. Heile plater med eitt eller fleire hol for planting er festar sitt ansvar dersom slikt blir montert.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting som blomsterurner, lykter og liknande i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Ansvar for opprettning av skeive gravminne?

På fri grav som ikkje er anonym grav, og på festa grav og gravstad kan det plasserast gravminne.

Festar av grav eller ansvarleg for frigrav, er eigar av vedkomande gravminne. Eigaren er ansvarleg for at gravminnet

ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for dei som ferdast på kyrkjegarden (jf. forskrifter § 26). Når Fellesrådet finn det nødvendig, skal eigaren varslast med pålegg om å bringe gravminnet i samsvar med dei krav som er stilte i forskrift og vedtekter. Dersom eigaren unnlèt å etterkome slike pålegg, eller det er uvisst kvar eigaren er, kan fellesrådet sette i verk tiltak som er nødvendige for å få tilhøva i orden, og om nødvendig ferne gravminnet.

På kyrkjegardane i Vestnes kan kyrkjeverja hjelpe med opprettning av gravminne dersom pårørende ynskjer det. Det blir då sendt reknign for arbeidet i ettertid.

Festeavgift, for kor mange år om gongen?

Pris på feste av gravstad ved sida av frigrava som blir teken i bruk, er kr. 150,- pr. år. Festetida er 5 år.

Fredingstid, gjenbruk av gamle graver, etter kor lang tid?
Ei grav kan nyttast til ny gravlegging når det har gått minst 20 år sidan den siste gravlegginga (fredingstid).

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Nils-Berge Sundfør,
Ivar Magne Bergheim, Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, Myra 3, 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer 4056.20.62124

**Kyrkjebladet har fått Vipps.
Vippsnummeret er: 511986**

Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.



Feste av grav.

Feste av gravstad kan berre skje i samband med dødsfall. Den grava som blir teken i bruk først i ein gravstad, er fri grav i fredingstida.

Når festetida/fredingstida går ut, skal festaren varslast. Dersom ein då ikkje ynskjer å feste grava vidare, skal festar få tid til å fjerne gravminnet og liknande innretning frå kyrkjegarden. Er ikkje festet fornøya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggast i festa grav utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan Fellesrådet avgjere spørsmålet om gravlegging. Festar pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festar døy, skal dødsbuet gi Fellesrådet melding om kven festet skal overførast til. Ved usemje skal Fellesrådet ta avgjerda.

<http://www.vestnes.kyrkja.no/>

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon 45502815 (jobb)/91865064 (privat)

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje

Telefon: 94169153 (jobb) / 91629416 (privat)

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Per Inge Vik, vikarprest

Telefon: 91810751 (privat)

E-post: peringevik@gmail.com

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 94160429 (jobb) / 97499175 (privat)

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

(for tiden i permisjon)

Telefon: 94142364 (jobb) / 41472908 (privat)

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor: Telefon: 92226151

E-post: jostein-maude@hotmail.com

Andrew Lange, kyrkjetenar: Telefon: 40548156

E-post: treetimeandy@yahoo.co.uk

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Glimt frå påskedagsgudstenesta i Vestnes kyrkje

Av Nils-Berge Sundfør



Etter gudstenedta 1. påskedag i Vestnes kyrkje, song kyrkjelyden «Deg være ære» på veg ut av kyrkja. Så samlast kyrkjelyden utafor kyrkja og song fleire påskesalmar. Ein fin oppleving å få vera med på.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2024

Vestnes kyrkje 4. mai

Tomrefjord-konfirmantar Gruppe 1. 4. mai kl 10.30

Alexander Aas
Andrea Kristin Isaksen-Neraas
Anne Lovise Frostad Engvik
Elias Krogsæter
Elin Alexandra Kjøpstad Madsen
Erika Malene Kjøpstad Madsen
Isak Knotten
Jakob Emil Lid
Katlin Anika Depoldo
Konstanse Marie Frostad
Linnea Maria Gjelsten Lufall
Mathilde Silja Marken Fosøen
Martine Gjengstø Frostad

Gruppe 2. 4. mai kl. 12.30

Lise Kristine Olafsen
Markus Aas Uren
Niclas Eiken
Noah Leander Sponberg Marken
Olivia Olejniczuk
Scott Alexander Bårdsnes Langstein
Signy Marie Sørøy Johannessen
Theodor Kleiva Skogvoll
Viktoria Lenning-Franset

Vågstranda kyrkje 09. mai kl. 10.30

Nikolai Farkvam-Bruaseth
Daniel Gismås-Bråten
Jennie Angvik Pedersen
Timo Steketee

Vestnes kyrkje

09. mai kl. 11.00

Vestnes-konfirmantar
Jan Magne Aas
Maria Hollingsæter Alvsåker
Emma Berg
Simon Edvardsen
Benedicte Ailin Furland Frostad
Andreas Hole
Tobias Søholt Jensen
Adrian Lien
Tobias Steen Marken
Isabell Mehl-Sandnes
Lone Orvik
Leni Vilnes Overå
Alexandra Supacha Sanden
Kornelius Lønseth Skogvoll
Hannah Brunvoll Stenødegård
Storm Andre Klokk Sæterøy

Vike kyrkje 09. mai kl. 12.30

Liv Nyhagen Clarke
Richard Wessel Gallagher-Gjermundnes
Christian Lie
Justin Longva Sæter
Elias Leikarnes Villa

Vestnes kyrkje

11. mai kl. 11.00

Vestnes-konfirmantar
Thomine Aas-Strømsnes
Mathilde Bauer
Tuva Kleive Bredeli
Joachim Kjersem Gjelsten
Martin John Gabato Grüner
Othelie Håseth
Yen Nhi Nguyen Le
Leah Elvevold Lervik
Kasper Gjelsten Løken
Emilian Nerhus Mikalsen
Karoline Pedersen Ringstad
Levis Lars Skystedt Saari
Joakim Svensli Ulvestad
Olivia Amdam Wirthenstaetter
Sebastian Lervik Øvstegård

Tresfjord kyrkje

25. mai kl. 10.30

Amandus Utgård Andreassen
Leander Bruaset
Emilia Sara Brynjarsdóttir
Stefan Budeng Gjermundnes
William Pedersen Hjelvik
Alma Kristine Jakobsen Sylte
Pernille Holsbø Angvik (*konf. frå Molde*)

Fiksdal kyrkje 25. mai kl. 13.00

Johanne Bergheim
Vilde Marie Havnsund Bårdsnes
Sander Vassvik Kleve
Bethany Ellyse Camello Nakken
Aurora Havnsund Otterlei



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

- 10.12 Andreas Fjærli
10.12. Isadora Strømsnes Kolstad
04.02. Maria Kleivset Øveraas
10.03. June Isabell Hagen
10.03. William Hovde Welgaard
10.03. Emely Karin Magerøy Braute
10.03. Lea Frostad Sundet
31.03. Cajsa Elen Røe-Landsverk
14.04. Selma Eik Dahle
14.04. Jennie Eik Dahle
14.04. Ylva Williams Strønstad
14.04. Mathilde Frostad

Døde:

- 22.11. Jan Reidar Myklebust
22.11. Astrid Viktoria Øverås
25.12. Henning Moldver
29.12. Jon Arne Tomren
30.12. Jostein Kirkeslett
31.12. Rigmor Lie
02.01. Kåre Johan Flate
12.01. Pål Godwin Knudsen

- 17.01. Alfhild Pauline Walle Pedersen
26.01 Randi Tomren
29.01. Per Rønning
31.01. Nils Kristian Skavnes
19.02. Karin Inger Lindheim
29.02. Leif Martin Fiksdal
04.03. Harald Innli
27.03 Ingunn Nora Nedal Leesland
08.04 Solbjørg Guri Varnes

Tresfjord kyrkje

Døpte:

- 26.12. Lilly Andreassen Bell
14.01. Torstein Ugelvik Sætre
24.03. Marie Stavem Hole
01.04. Emma Louise
Dyrkorn Vestnes

Døde:

- 18.11. Synnøve Alet Kristiansen
01.03. Solbjørg Hubred
08.03. Grete Helset

Vågstranda kyrkje

/Ingen kyrkjeloge handlingar i denne perioden/

Vike kyrkje

Døpte:

- 10.03. Elvira Louise Hoem Fagerhol
10.03. Svein André Hoem Fagerhol

Døde:

- 27.01. Lillian Smogeli

Fiksdal kyrkje

Døpte:

- 07.04. Kian Emilio Merten

Vigde:

- 30.12. Stian Skeide Asgard og
Gabriela-Alexandra Costea

Døde:

- 03.01. Kåre Gunnar Lien
22.01. Arne Nakken
17.03 Svein Arne Herje

Gudstenester i Vestnes

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten.
I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no.

02. mai onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Ung messe. Hellandkonfirmantar.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

04. mai laurdag

Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30
Konfirmasjonsgudsteneste, Tomrefjord.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

09. mai Kristi himmelfartsdag

Vågstranda kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Helland, gruppe 1.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 12.30

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

11. mai laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste, Helland, gruppe 2.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

17. mai Nasjonaldagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00
Gudsteneste. Takkoffer til Laget (NKSS).

Tresfjord kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til barne og
ungdomsarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 11.30

Gudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 11.45

Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste. Takkoffer til Fasteaksjonen
Kirkens Nødhjelp

19. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Blå Kors.

20. mai 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Kveldssong. Takkoffer til
Kirkens Bymisjon, lokalt.

22. mai onsdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Ung messe.

25. mai Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til Kyrkjestova.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

02. juni 2. s. i treeiningstida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til
North-South Partnership AID.

09. juni 3. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00
Felles friluftsgudsteneste.
Mannskoret «Kor Herrleg» deltek.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Gudstenester i Vestnes

16. juni 4. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Stiftelsen Barnevakten.

23. juni 5. s. i treeiningstida

Korsstøneset kl. 12.00

Felles friluftsgudsteneste.

Takkoffer til Åkerlehaugen.

30. juni Aposteldagen

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjebladet.

07. juli 7. s. i treeiningstida

Stall Kjersem kl. 16.00

Felles friluftsgudsteneste.

Takkoffer til ny golvløpar i Tresfjord kyrkje.

14. juli 8. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

misjonsprosjektet i Nepal.

21. juli 9. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 15.00

Olsokgudsteneste.

Takkoffer til misjonsprosjektet Madagaskar.

04. august 11. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

11. august 12. s. i treeiningstida

Bårdsnesosen kl. 12.00

Frluftsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

18. august 13. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

Vike kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til KRIK Vestnes.

25. august Vingardssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

01. sept. 15. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til misjonsprosjektet i Nepal.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til CARE.

08. sept. 16. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest. Utd. av bok til 4-åringar og 1. klasse. Takkoffer til misjonsprosjektet i Madagaskar.

15. sept. 17. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest. Utd. av bok til 4-åringar, og 1. og 2. klasse. Presentasjon av konfirmantar, frå Vestnes og Tomrefjord. Takkoffer til IKO Kirkelig ped. Senter.

22. sept. 18. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest. Utd. av bok til 4-åringar og 1. klasse. Presentasjon av konfirmantar Takkoffer til IKO Kirkelig ped. Senter.

29. sept. 19. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest. Utd. av bok til 4-åringar og 1. klasse. Takkoffer til trusopplæring i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til KFUM/KFUK Norge.

06. okt. 20. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

13. okt. 21. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til Dei fire diakoniinstitusjonane.

20. okt. 22. s. i treeiningstida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest. Utd. til 4-åringar, 1. klasse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

27. okt. Bots og bededag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til misjonsprosjektet Madagaskar.

03. nov. Alle helgensdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste. Takkoffer til diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

Vike kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Kirkens SOS.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vågstranda kyrkje kl. 17.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

10. nov. 25. s. i treeiningstida

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00

Familiegudsteneste. Lys vaken.

Utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

17. nov. 26. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste og Lys vaken, felles for Tresfjord, Vågstranda og Vike.

Utd. til 5. kl. frå alle tre sokna.

Takkoffer til Søndagsskolen Romsdal krets.

24. nov. Kristi Kongedag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens SOS.

Vestnes kyrkje kl 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til misjonsprosjektet i Etiopia.

30. nov. laurdag

Fiksdal kyrkje kl 18.00

Adventsong. Lys vaken m/ utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

01. des. 1. s. i advent

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Vippsnr. for ofring:

Vestnes sokn: 108523

Vike sokn: 89676

Tresfjord sokn: 513574

Fiksdal sokn: 555355

Vågstranda sokn: 502022